
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 2. juni 2016 09:10
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 02.06.2016 09:10
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Vest-Telemarkrådet
Kontaktperson: Kjell Gunnar Heggnes
Kontakt-e-post: kgh@vest-telemark.no
Tittel: Høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet

Uttalelse:

Vest-Telemarkrådet viser til uttale frå Telemark fylkeskommune i saken, og gjev si fulle tilslutning til denne.

Dei høgast prioriterte prosjekta i Telemark er E134 Haukelivegen og jernbane med dobbeltspor gjennom Søndre Vestfold. Eit samla Telemark står bak desse prioriteringane.

Sidan regjeringa har gitt tydelege signal om at E134 skal vera det eine av to prioriterte vegsamband mellom aust og vest, og også ha høgaste prioritet av desse, må dette kome betre til uttrykk i rulleringa av NTP. Vegen må sikrast samanhengande utbygging i planperioden uansett økonomisk ramme og ha ein standard som sikrar at den er open heile året.

Nye tunnelar på Haukelifjell må ha høgaste prioritet.

Vest-Telemarkrådet vil også peike på viktigheten av armen til Bergen. Gjennom Statens vegvesen sine utgreingar om aust-vestsambanda, er det påvist at nettonytta i ei slik kopling er svært stor.

Vi ber om at det vert gjennomført ein KVVU for arm til Bergen slik at denne kan inngå i beslutningsgrunnlaget for vidare utbygging.

Vedlegg: -